



1. juli 2021 ble Kompetanse Norge en del av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse, se hkdir.no.

Søknadsprosess



Søk midler til Kompetansepluss fagopplæring 2023

Prøveordninga med fagopplæring i Kompetansepluss held fram, og vi lyser ut om lag 20 millionar kroner til ordninga i 2023. Frist for å søke midler er 7. mars 2023.

Opplæringa skal styrkja grunnlaget til deltakarane for å kunna ta fagbrev som praksiskandidatar. Opplæringa vil bidra til at dei som gjennomfører ho, står sterkare og kan få meir varig tilknytting til arbeidslivet.

Til forskjell frå ordinær Kompetansepluss arbeid eller vanleg teoriopplæring for praksiskandidatar, skal desse kursa kombinera fagopplæring med opplæring i grunnleggjande ferdigheiter eller norsk/samisk. Det kan søkjast om kurs på totalt frå 100 til 200 timar, avhengig av kva behov for opplæring deltakerane har.

Sidan fagopplæring i Kompetansepluss framleis er ei prøveordning, må alle partar i prosjekta forplikta seg til å bidra til evaluering av ordninga og svare på spørjeundersøkingar, intervju eller liknande.

Kven kan søkja?

Opplæringstilbydarar, opplæringsmottakarar (det vil seia offentlege eller private verksemder) og næringsorganisasjonar kan søkja. **[Les meir om dette i krav til søknaden og opplæringa.](#)**

Både søknadsprosessen og gjennomføringa av prosjektet skal vera eit samarbeid mellom opplæringstilbydar og minst ein opplæringsmottakar.

Ein opplæringstilbydar må ha næringskode som viser at verksemda driv med opplæring/undervisning, det vil seia næringskode i kategori P-utdanning – næringskode 85.*xxx. Det er i tillegg eit krav i Kompetansepluss fagopplæring at opplæringstilbydar har kompetanse og erfaring med opplæring av praksiskandidatar eller fagopplæring for vaksne innanfor relevante fagområde.

Viktig å merka seg når du søker Kompetansepluss fagopplæring i 2023:

1. Opplæringsmottakar og opplæringstilbydar må samarbeida om planlegging og gjennomføring av opplæringa. Innhald, metode og læringsressursar som skal brukast, må beskrivast i søknaden saman med fagområdet og erfaringsbakgrunnen til deltakarane.
2. Det er gjort endringar i prioritering av undervisars kompetanse når det gjeld utdanning og undervisningserfaring. **Sjå nærare beskriving i prioriteringskriteria.**
3. Det vil berre bli innvilga inntil to søknader per opplæringstilbydar, uavhengig av om opplæringstilbydar står som søker eller samarbeidspartner.
4. Kvar søknad kan ikkje innehalda fleire enn to kurs.

Søknaden leverast på [HK-dir sin tilskotsportal](#) . Det inneber at

alle partane i prosjektet må signera søknaden elektronisk, og gjennom signeringa forplikta seg til innhaldet i søknaden.

den som skal signera, må logga seg inn i portalen med den personlege e-posten sin knytt til verksemda. Ein kan ikkje bruka felles e-postadresser som postmottak@.., teamleiar@.... eller liknande.

tilsegn og vidare kommunikasjon om søknadar skjer gjennom tilskotsportalen.

Tilskotet

Tilskotet er basert på ein rettleiande timesats på kr. 1 500,-. Ein opplæringstime utgjer 60 minutt inkluderte 15 minutts pause. Det er ikkje høve til å *omregne og rapportera 45 minutt som ein opplæringstime.

Søklar får tilskotet og har ansvar for å følgja opp prosjektet i tråd med søknaden og vilkåra for tilsegna. Dersom søker har forplikta seg til at undervisar har vidareutdanning i samsvar med prioriteringskriteria, må dette dokumenterast ved sluttrapportering.

Tilskotet kan ikkje brukast til opplæring som er dekt av anna offentleg finansiering, eller til bedriftsintern opplæring. Tilskotet kan heller ikkje brukast til å dekkja innkjøp, som til dømes teknisk utstyr.

Opplæringa skal vera gratis for deltakarane.

Interessert i å søkja?

Du må setja deg inn i krav til søknaden for å vita hva som krevst. Det kan også vera lurt å gå gjennom søknadsskjemaet tidleg i [søknadsprosessen](#) for å få oversikt over kva opplæringstilbydar og opplæringsmottakar må avtala i samarbeidet om søknaden.

Korleis søknadene blir prioriterte, [kjem fram av prioriteringskriteria](#).

Søknadsfrist og levering av søknad

Søknaden må vera komplett med nødvendig vedlagt dokumentasjon. Søknadene blir behandla med dei opplysningane og vedlegga som er leverte ved søknadsfristen.

Søknadsfristen er 7. mars 2023 kl. 17:00

Ved spørsmål, ta kontakt med HK-dir på post@hkdir.no. Merk førespurnaden med «**Kompetansepluss fagopplæring 2023**».

Søknadsskjema for Kompetansepluss fagopplæring 2023

Grunnlagsdokumenter

[Søk midler til fagopplæring i Kompetansepluss](#)

[Krav til søknad Kompetansepluss fagopplæring](#)

[Prioriteringskriterie fagopplæring i Kompetansepluss](#)

[Retningslinjer for Kompetansepluss \(pdf\)](#)

Publisert: 06.02.2023
Oppdatert: 14.02.2023

 [Skriv ut](#)

Interessant? Del med flere!

